



Forvaltningsplan for Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) - Alnes

08.03.2020



Landbruksdirektoratet
Eanandoalldirektoráhtta



MILJØ-
DIREKTORATET

Føreord

Fylkesmannen i Møre og Romsdal legg hermed fram forvaltningsplan for Alnes som utvalt kulturlandskap i jordbruksdelen. Planen skildrar status, mål og aktuelle tiltak for å ta vare på og utvikle kulturlandskapet i samsvar med føremålet for ordninga. Ein ønskjer på denne måten å ivareta landskapsverdiane gjennom eit frivillig samarbeid mellom grunneigarar, kommune og staten, med hjelp av årlege, øyremerka midlar.

Hovudføremålet med forvaltningsplanen er å leggje til rette for ønska utvikling med aktiv forvaltning gjennom skjøtsel, bruk og vern. Forvaltningsplanen skal vere eit styringsverktøy for kommunen, som 1. januar 2020 overtok forvaltningsansvaret for UKL-området. Den er også retningsgivande for grunneigarar, lag og organisasjonar som vil søkje om midlar for å gjennomføre tiltak i sitt nærområde.

Tanken bak utarbeidinga av forvaltningsplanen er at faktagrunnlaget i dokumentet står seg godt over tid, men kan vidareutviklast, medan tiltaksdelen bør vere dynamisk og under kontinuerleg utvikling. Det er ønskjeleg at forvaltningsplanen vert ein del av det kommunale planarbeidet, integrert i kommunal planstrategi og eventuelt lagt ved som temaplan til kommunen sine samfunns- og arealplanar. Verkemidlar for gjennomføring, tilstandsendringar og ny kunnskap vil vere utgangspunkt for ein framtidig revidering av forvaltningsplanen.

Aktiv jordbruksdrift med beitedyr er fundamentet for å ta vare på kulturlandskapet i UKL-området, og dette er tydeleg omtala i forvaltningsplanen, saman med ønskje om betre tilrettelegging for turisme og lokal næringsutvikling. Vi har lagt til grunn stor grad av medverknad gjennom oppretting av arbeidsgruppe der kommunen, grunneigarar, lag og organisasjonar har delteke aktivt. Dette var eit viktig mål for Fylkesmannen for å forankre arbeidet mest mogleg lokalt. Utarbeidinga av plandokumentet vart gjennomført av konsulentfirmaet Ose AS, med Fylkesmannens landbruksavdelinga som koordinator, i nært samarbeid med miljøvernnavdelinga og fylkeskommunen i Møre og Romsdal hjå kulturavdelinga.

Vi vil til slutt takke arbeidsgruppa med kommunen, organisasjonar, grunneigarar og Ose AS for god innsats og godt samarbeid, og ønskjer lukke til med det viktige arbeidet for å ta vare på og utvikle Alnes som eit verdifullt kulturlandskap.

Frank Madsøy
Landbruksdirektør
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Innhold

Føreord	2
1. Innleiing	5
1.1 Lokalisering	5
1.2 Kva er Utvalde kulturlandskap i jordbruket?.....	5
1.3 Målet med forvaltningsplanen	7
1.4 Målgruppe for planen:.....	8
1.5 Organisering av arbeidet med forvaltningsplanen	8
1.6 Forvaltningsplanen	9
2. Områdeskildring	10
2.1 Geografisk avgrensing av området.....	10
2.2 Landskapsregion	10
2.3 Kulturlandskap	11
2.4 Bruk og driftsformer	11
2.5 Innbyggjarar og eigedomstilhøve	12
2.6 Friluftsliv, reiseliv m.m.....	13
2.7 Reiselivs- og overnatting	13
2.8 Biologisk verdi.....	13
2.9 Kulturminne	18
2.10 Skilting.....	21
2.11 Foto.....	21
2.12 Oppfylling verdikriterier	21
3. Planar.....	22
3.1 Planstrategi.....	23
3.2 Samfunnsdelen	23
3.3 Arealdelen.....	23
3.4 Kommunedelplan for naturmangfold	24
3.5 Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi	25
3.6 Næringsplan.....	26
3.7 Reguleringsplanar	27
3.8 Forvaltningsplan for Alnes fyrstasjon	28

3.9	Skjøtselsplan	28
3.10	Restaureringsplan.....	28
4.	Utfordringar.....	29
4.1	Turisme	29
4.2	Landbruk.....	29
4.3	Arealbruk/tiltak	29
4.4	Kulturmiljø	30
4.5	Biologiske verdiar	30
5.	Forvaltning og lov	31
5.1	Lov og forskrift.....	31
5.2	Forvaltning	34
5.3	Tilskotsordningar	35
5.4	Søknadsfrist	36
6.	Målsetjing framover	37
7.	Handlingsdel.....	38
7.1	Tiltak, skjøtsel og vedlikehald.....	38
7.2	Kostnadsoverslag og finansiering	39




Bilete 1 Sanddyne i Sandvika.

1. Innleiing

1.1 Lokalisering

Forvaltningsplanområdet for Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) – [Alnes](#) ligg i Giske kommune, nord på Godøya. Området har eit areal på om lag 5 035 daa, og femnar om område med konsentrert busettnad, gardstun, dyrka jord, friluftsområde og beiteareal i lia opp mot fjellet.



Figur. 1 Lokalisering av UKL Alnes. Kjelde Askeladden.

1.2 Kva er Utvalde kulturlandskap i jordbruket?

Satsinga [Utvalde kulturlandskap i jordbruket](#) (UKL) er ei oppfølging av nasjonale mål om å ta vare på særskilde verdifulle kulturlandskap i Noreg. Dette er et samarbeid og spleiseland mellom landbruksmynde og miljømynde. Eit sentralt prinsipp ved utval av området har vore at grunneigarane i området sjølv ønskja at området blir utvald – det skal med andre ord vere frivillig å bli eit Utvald kulturlandskap i jordbruket.

Målet med satsinga er å sikre langsiktig forvalting av eit utval av landskapsområde med svært store biologiske og kulturhistoriske verdiar som er forma av langvarig og kontinuerleg tradisjonell bruk. Områda skal også gje kunnskap, opplevingar og vere ein ressurs for framtida.

Dei første 20 UKL-områda vart etablert i 2009, i 2010 kom to nye område til, 2017 – 2019 var det ytterlegare 23 nye område. Totalt er det 45 område for utvalde kulturlandskap, fordelt over heile landet. Bakgrunnen er å finne i [Stortingsmelding nr 21 for 2004 – 2005, «Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand»](#).

I utvalde kulturlandskap i jordbruksområdet blir det lagt opp til å restaurere biologiske og kulturhistoriske verdiar og skjøtseltiltak av desse. Dette skjer både gjennom å styrke eller ta opp igjen tradisjonell bruk, og ved å gjennomføre nye målretta tiltak.


Status som Utvalde kulturlandskap i jordbruksområdet medfører ikkje avgrensingar i grunneigar sine eller andre sine rettar eller bruk av området. Sjølv om området med statusen Utvald kulturlandskap i jordbruksområdet får auka merksemrd, skal natur- og kulturverdiane framleis forvaltast innanfor rammene av eksisterande lover.

Grunnleggjande for utval av UKL er :

- At dei i størst mogleg grad skal femne om kulturlandskap i jordbruksområdet med særstak verdi knytt til både naturmangfald og kulturhistorie
- At det skal vere realistisk å få til langsiktig drift, skjøtsel og vedlikehald

Andre kriterium som er vektlagt er:

- Heilskap
- Kontinuitet og «tidsdjupne»
- Enten representativt eller særpreg
- Formidlingsverdi



Bilete 2 Nordleg del av Alnes.

Med bakgrunn i at tal turistar som ferdast på Alnes har vore stigande dei siste åra, har dette skapt problem for området. Parkering, nedtrakking av dyrka mark, camping på dyrka mark, stor slitasje på stien opp til vatnet er nokre av utfordringane ein står overfor. For å ta vare på kulturlandskapet er det derfor viktig å legge betre til rette for den aukande turismen.

Parkering og trafikkavvikling er to viktige moment i denne samanheng. I tillegg er det viktig å legge betre til rette for turgåarar som skal opp til vatnet og Storhornet slik at kulturlandskapet kan bli tatt vare på. Dei siste åra har det vore gjort eit stor arbeid på andre sida av fjellet og på platået med steinlegging for å ta vare på landskapet. Det er viktig at dette arbeidet held fram og på Alnes sida for å hindre auka slitasje.

I dialogen mellom kommune og grunneigarar har det hittil vore mest snakk om akutt-tiltak.

Mange av grunneigarane seier i tillegg at dei ynskjer å restaurere gamle bygningar dei har ståande, løer, uthus og naust, og ta ein del av desse bygningane i bruk til nye næringar.

Bevaring gjennom bruk er viktig, men føresetnad er at det blir gjort på kulturminnet sine premissar. Tiltaket må ikkje gå på kostnad av kulturminnet sin opphaveleg verdi. Grunneigar

sine behov og ynskje er ikkje nødvendigvis dei rette med omsyn til å ta vare på kulturhistoriske, biologiske og landskapsmessige kvalitetane i området.

Alle grunneigarane synest å vere interesserte i at kulturlandskapet skal takast vare på, og kanskje særleg å berge Alnesia frå gjengroing. Både kystlyngheia og naturbeitemarkene er skjøtselsavhengige naturtypar. Begge er oppført i raudlista for naturtypar som høvesvis sterkt trua (EN) og sårbar (VU). Bevaring av naturbeitemarka og kystlyngheia er viktig i seg sjølv, og vil bidra til å ta vare på artsmangfaldet knytt til desse naturtypane. Å stoppe erosjonen i sanddyneområdet i Sandvika er eit anna viktig tiltak grunneigarane er opptekne av. Utfordringar knytt til erosjon er samansett. Naturleg buffersone med strandvegetasjon er svekka. Taretråling kan påverke energi i bølgjer inn mot stranda. Ein storm i 2011 gjorde skade på del av sanddyneområdet, slik at det no er erosjon av sanddynene heile tida. Sanddynemark er vurdert som sårbar (VU) naturtype i raudlista. Sanddynar finst i sterkt eksponerte området langs kysten, som på Alnes. Sanddyna i Sandvika ligg vestvendt til i tilknyting til fulldyrka mark, og bølgjepåverknad medfører erosjon i dyrkamarka. Erosjon, bevegelse og sandflukt er del av den naturlege dynamikken i denne naturtypen. Samstundes er det næringstilsig frå dyrka marka, som endrar arts samansettinga i vegetasjonen og fører til oppslag av nitrofile artar og tilbakegang av habitatspesifikke artar.



Figur. 2 Utvalde kulturlandskap i jordbruksområdet i Møre og Romsdal. Kjelde Landbruksdirektoratet

1.3 Målet med forvaltningsplanen

Målet med forvaltningsplanen er å:

- Ta vare på landskaps-, natur- og kulturverdiane
- Kombinere fagleg råd frå regional miljø- og kulturminneforvaltning med lokale ønskjer, behov og moglegheiter
- Vere eit styringsreiskap for bruken av UKL-midlane i området
- Vere kunnskapsgrunnlag for overordna planar

- Vere rådgjevande i høve andre kulturlandskapstiltak i området

1.4 Målgruppe for planen:

Forvaltningsplanen skal vere ein strategi for grunneigarar, næringsorganisasjonar, kommunen, fylkeskommunen og Fylkesmannen i arbeidet med å prioritere tiltak i det utvalde kulturlandskapet. Ved sida av å vere ein rettleiar er forvaltningsplanen også meint å vere til informasjon for alle som har interesser i området. Det er lagt vekt på å få fram status på dei ulike feltene kulturlandskapet femnar om, gje eit samla oversyn over utfordringar, aktuelle lover, arealplanar og tiltak.

1.5 Organisering av arbeidet med forvaltningsplanen

Nasjonalt og regionalt nivå

Landbruksdirektoratet koordinerer arbeidet, i nært samarbeid med Miljødirektoratet og Riksantikvaren og med regional landbruks-natur- og kulturminneforvaltning, kommunen, grunneigarar og landbruksforetak. På regionalt nivå er fylkesmannens landbruksavdeling koordinator for arbeidet. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er ansvarleg for utarbeiding av forvaltningsplanen, med hjelp av konsulentfirma OSE AS.

Forskrift om tilskot til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområdene Vegøyan og Vestnorsk fjordlandskap vart revidert i 2019 med verknad frå 2020. Blant anna vart § 7, Myndighet og klage, endra:

Kommunen fatter vedtak etter denne forskriften. I de tilfeller det utvalgte området strekker seg over flere kommuner, skal de aktuelle kommunene avklare hvilken kommune som skal behandle søknader. Fylkesmannen fatter vedtak når det søkes om tilskudd til tiltak på eiendommer som kommunen eier eller drifter. Når fylkesmannen fatter vedtak, har fylkesmannen samme myndighet som kommunen etter bestemmelsene i denne forskriften.

Vedtak kan påklages etter bestemmelsene i lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltingssaker (forvaltningsloven) kap. VI. Klage på vedtak fattet av kommunen skal avgjøres av fylkesmannen. Klage på vedtak fattet av fylkesmannen skal avgjøres av Landbruksdirektoratet.

Klagen forelegges natur- og kulturminneforvaltningen for eventuell uttalelse før vedtak treffes dersom tiltaket berører deres ansvarsområder.

Lokalt nivå

I Giske kommune er det innleid teneste frå Landbrukskontoret i Ålesund som tek seg av forvaltninga av UKL Alnes.



Bilete 3 Naust nedanfor gardstuna.

1.6 Forvaltningsplanen

Forvaltningsplanen er todelt, med hovuddel og handlingsdel:

- Hovuddel som gjev informasjon om UKL Alnes; områdeskildring, planar, utfordringar, målsetjing, tiltak, skjøtsel og vedlikehald. Denne delen kan ha ein tidshorisont på 10 - 12 år.
- Handlingsdel som gjev oversikt over tiltak og kostnadar for fire års periode. Handlingsdelen bør rullerast kvart fjerde år. Rullering av handlingsdelen bør byrje ved inngangen av siste år i fireårsperioden, parallelt med planstrategien.



Bilete 4 Del av den eldste delen av Alnes med lia i bak.


2. Områdeskildring

2.1 Geografisk avgrensing av området

Alnes er kartfesta som heilskapleg kulturlandskapsområde i [Naturbase](#). Avgrensinga er gjort med bakgrunn i særprega øylandskap, med ope kulturlandskap på strandflata, omgjeve av beitelier og bratte fjellsider på eine sida og sjøen på andre sida.

Området femnar om det aller vesentlegaste av det som er påverka av menneskeleg aktivitet. Alnes er så lite at det ikkje er hensiktsmessig med inndeling i soner. Heile området må takast vare på for at statusen skal kunne oppretthaldast.

Bygda Alnes med dyrka jord og busetnad har eit areal på om lag 450 daa. Den verdifulle beitemarka i skråninga opp mot fjellet er på omlag 300 daa.



Figur. 3 Avgrensing av UKL Alnes, synt med brun markering. Kjelde Naturbase

2.2 Landskapsregion

Alnes hører til landskapsregion 20 – [Kystbygdene på Vestlandet](#). I nasjonalt referansesystem for landskap, blir Kystbygdene på Vestlandet omtalt [slik](#).

Alnes er ei flat landtunge eller nes på om lag 450 daa, som ligg på nordvestsida av øya Godøya, utanfor byen Ålesund. Alnes ligg heilt ut mot havet, med sandbankar og sandstrand på vestsida, med busetnaden lokalisert på austsida. Så godt som heile neset består av dyrka jord, unntek det som er bruks til busetnad og vegar. Der Alneset møter fjellfoten, ligg ei verdifull beitemark i den bratte skråninga opp mot fjellet og fjellvatnet Alnesvatnet, som ligg på 255 moh.

2.3 Kulturlandskap

Den flate landtunga på Alnes er fulldyrka, unnateke strandlinja og busetnad. Driftsforma har vore jordbruk og husdyrbruk frå lang tid attende, hovudsakleg med kyr og sauehald. Arealet er no bruka til grasproduksjon til vinterfôr, men tidlegare vart det også dyrka korn og poteter på Alnes. Området rundt stranda og oppover lia og i fjellet har vore bruka som beitemark. Det fulldyrka arealet ligg framleis i teigdeling/teigblanding, der teigane er heilt nede i 20 meters breidd og mellom 80 og 150 meter lange.

I 1994 vart det gjennomført ei nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap, og Alnes er eitt av dei områda som då vart registrert. Arealet som vart inkludert i dette kulturlandskapsområdet er på omlag 5 km², og dekker den nordvestre delen av Godøya som har spor etter menneskeleg aktivitet. Det er registrert kystlynghei oppe på fjellplatået, som også kanskje burde inkluderast. Denne kystlyngheia ligg i dag utanfor det området som er registrert som verdifullt kulturlandskap. UKL Alnes er fastsett av departementet, og kan ikkje endrast i samband med utarbeidning av forvaltningsplanen. *Eventuell utviding av UKL Alnes må kommunen ta opp med departementet.*

2.4 Bruk og driftsformer

Fiskarbonden

Den eldste bygningsmassen representerer fiskarbonden der naust og stø var viktige element saman med gardsbygningane. Gardsbruks med skulehus og bedehus er lagt på den lunaste staden lengst sør og under fjellryggen. Med større dekksbåtar kom «heiltidsfiskarane» som busette seg i ein randbusetnad langs vegen ut til fyret. Busetnaden representerer nyare tid i utvikling av kulturmiljøet og er viktig for heilskapen i UKL-området.



Bilete 5 Gamalt bilet av del av Alnes, år truleg midt 60-tal, fotograf ukjent.

Fotografi over syner at graset vart slått og hesja og tørka til vinterfôr. I den gamle busetnaden på Alnes låg bustadhusa og uthusa tett saman, med våningshusa nærmest sjøen på nordaustsida, og med uthusa og fjøsa bakanfor/vestanfor, nærmest jordbruksarealet. Mange av uthusa og fjøsa står framleis i bakkant av tuna, mot jordbruksarealet.



Bilete 6 Flyfoto frå 1968 av Alnes. Kjelde Norge i bilder

Dagens bruk og driftsformer

I dag er det aller meste av jordbruksarealet leigd bort og halde i hevd av gardbrukar på austsida av Godøya som driv med mjølkeproduksjon i stor skala. Ein av grunneigarane på Alnes har sau og driv jorda si sjølve. Den fulldyrka jorda blir slått til fôr og delvis beita av sau.

Nasjonale bevaringsverdige husdyrrasar

Der er i dag lite husdyr på Alnes, men det kan vere aktuelt å stimulere til å skaffe gamalnorsk sau eller gamalnorsk spel til å beite i den verdifulle beitemarka, og også i kystlyngheia oppe på fjellet. Geit kan også vere aktuelt.

2.5 Innbyggjarar og eigedomstilhøve

Det er 11 grunneigarar som er organiserte i eit grunneigar- og utmarkslag. Innmarka er skilt ut som eigne eigedomar, medan utmarka er sameige mellom gardsbruka på Alnes.

Det bur omlag 170 personar i bygda. Barnehagen ligg på andre sida av øya, medan kommunen har samla alle ungar på øya i 1. – 4. trinn på barneskulen på Alnes. Det er omlag 30 born i alderen 0-16 år busette på Alnes.

2.6 Friluftsliv, reiseliv m.m.

Alnes er eit heilt spesielt område, med fascinerande natur- og kulturlandskap, og med eit vedtaksfreda fyr. Fyret har i mange år vore bruka til kunstutstilling. Området tiltrekker seg mange turistar, og i oktober 2016 vart det opna eit nytt besøkssenter ved fyret for å ta seg av turiststraumen og kunstutstillinga. Dronning Sonja stod for den offisielle opninga av senteret. Det er også mange tilreisande fotturistar som brukar Alnes som utgangspunkt for turar i fjellet og langs strandsona. Det er opparbeidd turstiar frå fleire kantar av øya opp på Storhornet, dei fleste plassane med lett tilgjengelege parkeringsplassar. Stien opp frå Alnes til Storhornet har vore overbelasta siste åra, og det er stor slitasje på terrenget. Rehabilitering av stien er eit ønske frå mange. Sandvika er mykje nytta område til bølgjesurfing.

2.7 Reiselivs- og overnatting

Alnes fyr og opplevelingssenter

Heilårsgopen kafé med heimelaga kaker, tradisjonsmat, kunstgalleri og utstilling av Kystverket.

Alnes gard

Overnatting i kårbustad frå 1912.

Alnes rorbuferie

Overnatting i rorbu.

Olagarden apartement.
Overnatting leilegheit.

Alnes brygge

Kurs-, konferanse- og selskapslokale.



Bilete 7 Restaurert utløe.

2.8 Biologisk verdi

Samla omtal av verdiane i området

Det utvalde kulturlandskapsområdet har stor naturfagleg verdi, med fleire raudlista naturtypar og artar. Dei mest artsrike områda er dei gras- og urterike områda i skråningane opp mot fjellet. Her finn vi ugjødsla grasmarker i fjellsida og ned til sjøen i vest. I Alneslia er det ei stor naturbeitemark (sårbar) og oppå fjellet kystlynghei (sterkt truga). I fjellsida er det også nordvendte kystberg og blokkmark. På strandflatane er det dyrkamark, med naturtypen sanddyne (sårbar) på vestsida av Alneset. Der er fleire lokalitetar med bl. a. raudlista beitemarksoppar.


Fauna:

Sjøområda og strandene frå Sandvika og rundt Alneset er eit viktig næringsområde for ei rekke måsar, ender og vadalar. Dei bratte nord- og vestvendte liene er registrert som hekkeområde for den sterkt truga (EN) havhesten, gråmåse og svartbak.

Biologisk mangfald i sjø:

UKL-området femnar også om sjøareal, med blant dyr som er avhengig av land og sjø – eter og sel. Det er store område med tareskog som gjev livd for mange artar. Like utanfor UKL-området er det store og viktige gyteområde for ulike fiskeartar.


Dette har vore noko av dei naturgjevne føresetnadane for Alnes som fiskevær.



Figur. 4 Kart som syner fiskeplassar (rosa ksravur) og gyteområde (brun skravur). Kjelde Yggdrasil.

Naturtype

Alle figurar i avsnittet er henta frå Naturbase, med utdrag av tekst frå faktaarka i Naturbase.



Figur. 5 Oversikt over UKL området og naturtypar. Kjelde Naturbase

Kystlynghei er ein utvald naturtype etter naturmangfaldlova med eigne sakshandsamingsreglar.

Skjøtselsavhengige naturtypar:

Alneslia naturbeitemark –

[BN00015280](#) – 290 dekar - Verdi A –


Svært viktig

Ei av dei viktigaste

naturbeitemarkene på ytterkysten av Møre og Romsdal med fleire raudlista beitemarksoppar. Vegetasjonen er framleis engprega, men utviklar seg gradvis mot høgstaudeenger og krattskog

Dei seinare åra har beitetrykket

minka mykje, og særleg i aust har det etter kvart vorte framvekst av grov einer, og lauvkjerr med bjørk og rogn. Både buskfuru og sitkagran ser no ut til å spreie seg i delar av lokaliteten, kan hende òg platanlønn. Det er ein føremon for vegetasjonen om beitinga aukast mykje i høve til dagens nivå. Særleg gjeld dette i den austre halvdelen av lokaliteten, medan stoda i vest er noko betre. Framande treslag må fjernast.



Nordleg del av Godøya -Kystlynghei –

[BN00117155](#) – 4 584 dekar – Verdi A

Svært viktig

Lokaliteten utgjer store delar av fjellområda på Godøya, og grensar til berg og rasmark, plantefelt og naturbeitemark. Berggrunnen har truleg noko glimmerskifer eller glimmergneis i tillegg til ikkje inndelte gneisar og gabbro. Lausmasse av morene, ras materialar og noko torv.


Tidlegare beiting av storfe og sau, truleg brukt i mange hundre år. Lokaliteten hadde i 2017 vore svakt beita av streifande sau, svakt beitetrykk, med teikn til gjengroing. Naturtype kystlynghei er inne på norsk raudliste for naturtypar med status sterkt truga.

Skjøtseluavhengige naturtypar

Under Lesten – Nord vendte kystberg og blokkmrk – [BN00015279](#) – 190 dekar - Verdi B – Viktig

Lokaliteten ligg på sørvestsida av Godøya og vidare i bratthenga nordaustover mot Alnes. Lokaliteten er artsrik, og av karplanter bundne til baserike sig eller oseaniske artar kan nemnast bergfrue, blåstorr,

brudespore, dvergjamne, engstorr, fagerperikum, fjellsmelle, fjellsyre, fjelltistel, gulsildre, hårstorr, jáblom, loppestorr, kusymre, raudsildre, svartstorr, svarttopp, vill-lin og vårmarihand. Bergveggane har vel fått ligge i fred i uminnelege tider, og heller ikkje bufe ser ut til å greie å kome til, i alle fall ikkje over bergrøta, medan dei nedre delane framleis er litt




beita av sau. Attgroinga med einer og lauvkjerr er no i gong også under bergrota. Framande artar: Buskfuru og sitkagran er no under etablering. Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande treslag bør fjernast, og beitinga bør aukast dersom området ikkje skal gro heilt att med skog.

Aust for Alnes - Nordvendte kystberg og blokkmark – [BN00015281](#) – 531 dekar – Verdi B Viktig

Lokaliteten ligg nordaust på Godøya i bratthenga austover frå Alnes mot Valkvæ. Berggrunn har truleg noko glimmerskifer eller glimnergneis, i tillegg til meir næringsfattige gneis. Lokaliteten er middel artsrik. Kraftline, veg og tunnel i nedre delar i aust, elles tidlegare beiting av sau.


Bergveggane har truleg fått liggje i fred i uminnelege tider, beitedyr har hatt tilgang litt her og der. Gjengroing med einer og lauvbusker er no i gang.



Alneslia sørvest – Nordvendte kystberg og blokkmark - [BN00067553](#)

– 25 dekar – Verdi B Viktig


Lokaliteten ligg rett sørvest for tettstaden Alnes i nordvendt fjellskråning. Berggrunn har truleg noko glimmerskifer eller glimnergneis, i tillegg til meir næringsfattige gneis. Middels artsmangfald. Bergveggene har truleg fått liggje i fred i uminnelege tider, heller ikkje beitedyr ser ut til å kome til, ikkje over bergrota.



Sandvika – Sanddyne – [BN00015276](#) -

47 dekar - Verdi B – Viktig

Lokaliteten ligg rett på austsida av Alnes fyr, og er bygd opp av næringsrike, marine strandavsetningar. Dei etablerte sanddynene sør i lokaliteten er artsfattige, med dominans av strandrug og kystbjørnekjeks, så vidt også med innslag av sørlege sandbindarar som strandkveke og sandstorr, medan bogestorr veks i bergsprekkar heilt sør på stranda. Det er registrert rynkerose som bør fjernast frå lokaliteten. Lokaliteten utgjer ein viktig og representativ del av dei mange godt utvikla strandengene i Giske kommune og elles på Sunnmøre



Truga artar i kulturlandskapet:

Alnes er spesielt viktig for truga beitemarkssoppar som er registrert i naturbeitemarka i Alneslia. Følgjande truga/sårbare artar er registrert (dette er ikkje fullstendig liste, artssamusetninga vil endre seg i naturen):

Planter og sopp:

- Grynknollsliresopp (*Squamanita paradoxa*)
- Grå narremusserong (*Pseudotricholoma metapodium*)
- Raudskivesoppen (*Entoloma velenovskyi*)
- Flammevokssopp (*Hygrocybe intermedia*)
- Glasblå raudspore (*Entoloma caeruleoplum*)
- Raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*)
- Vrangjordtunge (*Microglossum atropurpureum*)
- Vridd køllesopp (*Clavaria amoenoides*)
- Raudskivevokssopp (*Hygrocybe gujeta*)
- Øygardsmose (*Glyphomitrium daviesii*)
- Semska raudspore (*Entoloma jubatum*)
- Lutvokssopp (*Hygrocybe nitrata*)
- Dynejordtunge (*Geoglossum cookeanum*)
- Skogfredløs (*Lysimachia nemorum*)
- Russelærsvokssopp (*Cuphophyllum russocoriaceus*)
- Skifervokssopp (*Cuphophyllum lacmus*)

Dyr:

- Oter (*Lutra lutra*)
- Svartstrupe (*Saxicola rubicola*)
- Krykkje (*Rissa tridactyla*)
- Havhest (*Fulmarus glacialis*)
- Fiskemåke (*Larus canus*)
- Havelle (*Clangula hyemalis*)
- Svartand (*Melanitta nigra*)

Liste over framande artar (svartelista)

Det er registrert fleire framande artar innanfor forvaltningsområdet. Svartelista har vore ei oversikt over artar som utgjorde svært høg risiko eller høg risiko i norsk natur.

Artsdatabanken går vekk frå omgrepene «Svartelista» til å nytte «[Fremmedartslista](#)».

For UKL-Alnes gjeld dette desse artane:


Planter:

- Valurt (*Sympytum officiale*)
- Rynkerose (*Rosa rugosa*)
- Klistersvineblom (*Senecio viscosus*)
- Platanlønn (*Acer pseudoplatanus*)
- Sitkagran (*Picea sitchensis*)
- Parkslirekne (*Reynoutria japonica*)
- Buskfuru (*Pinus mugo*)

- Fagerfredløs (*Lysimachia punctata*)
- Lupin (*Lupins polyphyllus*)

Dyr:

- Regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*)



Figur. 6 Registrerte framande artar ved Alnes, synt med punkt. Kjelde Artskart.

2.9 Kulturminne

Kulturminne blir generelt delt i to grupper, automatiske (arkeologiske) freda kulturminne og nyare tids kulturminne (etter reformasjonen 1537). Alle faste kulturminne frå før 1537 og alle bygningar før 1650 er automatisk freda etter kulturminnelova, med ei sikringssone på minst 5 m. Dei biologiske verdiane og kulturminneverdiane heng tett saman. Mykje av bygningsarven er knytt til tidlegare bruk av ressursar i sjøen, inn- og utmark og beiting/landbruk har påverka det biologiske mangfaldet.


Freda kulturminne

Det er automatiske freda kulturminna innanfor området, gravminne og to lausfunn. Omtale av automatisk freda kulturminne:

- Sørlegaste rune-R i kart under er markering av lausfunn av halvparten av underliggar til handkvern, registrert i 2018. Funne på bakken under stabbur.
- Midtarste rune-R i kart under er markering av to funn – bautastein og gravrøys. Begge minna er datert til jernalder. Begge minna ligg tett på bustadhus.
- Nordlegaste rune-R i kart under er markering av lausfunn av del av tviegga sverd frå vikingtid, registrert i 2011. Funne i samband med vegarbeid.

Alnes fyrstasjon-losstasjon vart i 2000 vedtaksfreda etter kulturminnelova. Fyret ligg på ein graskledd sandtange i utkanten av fiskeværet på Alnes. Fyrstasjonen var oppretta i 1853 og

er eit lei/tidlegare fiskefyr. Fyrstasjonen har lang historie med mange utviklingssteg. Dei to siste utbyggingsstega er bevart; fyrbygning frå 1892 og det høge tårnet frå 1937. Fyrtårnet er ein veldig god representant for ei sein og relativt sjeldan fyrtypen i Noreg. Fyret vart automatisert i 1982, og sidan har ikkje fyret vore bemanna. Stasjonen og det tekniske utstyret er teke vare på. Kystverket eig fyrtårnet og Giske kommune eig dei andre bygningane på fyrstasjonen.



Figur. 7 Oversikt over automatisk freda kulturminne/vedtaksfreda kulturminne ved Alnes, synt med blå markering. Kjelde Askeladden.


Omsynssone etter pbl

Kulturminne kan få bindande vern gjennom omsynssone i kommune(del)plan og reguleringsplan etter plan- og bygningslova.

Regional delplan for kulturminne

Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi har som hovudføremål å utvikle strategiar for forvaltning, formidling og bruk av kulturarven i Møre og Romsdal som flest mogleg er samde om. Planen gjev ein presentasjon av eit utval viktige automatisk freda kulturminne og ei oversikt over kulturminne frå nyare tid som har regional og nasjonal verdi og lage handlingsprogram for korleis dei kan takast vare på. Ei slik oversikt vil gjere fylkeskommunen si forvaltning av fagansvaret meir føreseileg og vil fungere som eit grunnlag for prioriteringar av vernetiltak og restaureringsarbeid. Med avgrensa ressursar til restaurerings- og vernetiltak, er det viktig å gjere dei rette prioriteringane. Det er også svært viktig at heile samfunnssystemet har kjennskap til kva kulturminne og kulturmiljø som har ekstra høg verdi og må håndsamast etter det, i til dømes arealforvaltning og byggesakahandsaming.

Planen vil bli lagt til grunn for fylkeskommunen sine innspel til kommunal planlegging og elles for prioritering av vernetiltak, restaureringsarbeid, formidling og tilskotsforvaltning.



Figur. 8 Oversikt kulturminne som ligg inne i regional delplan for kulturminne, synt med farge punkt. Kjelde GisLink.

Oversikt over kulturminne som ligg inne i regional delplan for kulturminne, markert i kartet med fargepunkt. Desse kulturminna har regional og nasjonal vekting:

- Alnes fyr – fyrtasjon_losstasjon – nasjonal vekting
- Alnes fiskevær / fiskevær – sjøbruksanlegg – nasjonal vekting

Museums- og kulturminneplan

Giske kommune har utarbeidd digital [museums- og kulturminneplan](#). Målet med temaplanen er å få ei god oversikt over museum og kulturminne i kommunen. Oversikta skal igjen brukast til å få til gode sikrings-, skjøtsel- og gjennomføringstiltak samt god bruk av museum og kulturminne i kommunen.


Nyare tids kulturminne

Nyare tids kulturminne er kulturminne som har kome til etter 1537 og bygningar etter 1650. Dette gjeld spor etter menneskeleg aktivitet, til dømes molo, bygningar, steingardar, veganlegg og masseuttak. Det er ei mengd med [SEFRAK-registrerte](#) bygningar innanfor forvaltingsområdet, konsentrert kring gardsbruka på Alnes. Dette gjeld sommarfjøs, løe, stabbur, naust og våningshus. For SEFRAK-registrerte bygningar frå før 1850 (raud markering i kart under), er det lovfesta (kml § 25) at det skal gjerast ei vurdering av verneverdien før søknad om endring, riving eller tiltak kan bli godkjent. Kommunen pliktar å sende søknad om riving eller vesentleg endring av ikkje freda byggverk eller anlegg oppført før 1850 til kulturavdelinga hjå fylkeskommunen.

For SEFRAK-registrerte bygningar etter 1850 (gule markering i kart under) er det i utgangspunktet ikkje spesielle restriksjonar, men meir som eit varsku om at kommunen bør ta ei vurdering av verneverdien før det eventuelt blir gjeve løyve til å endre, flytte eller rive

bygninga. Kommunen skal i slike saker fatte vedtak på grunnlag av føresegnehene til kommune(del)plan eller reguleringsplan.

Liste over SEFRAK-registrerte bygningar innanfor området ligg som vedlegg til forvaltningsplanen:



Figur. 9 Oversikt over SEFRAK-registrerte bygningar. Røde trekantar syner bygningar frå før 1850. Kjelde Askeladden

2.10 Skilting

Det har vore gjennomført arbeid for å skilte området, dette har vore eit samarbeid mellom grunneigarane, Sunnmøre friluftsråd, fylkeskommunen, fylkesmannen og kommunen. Det er utarbeidd skiltplan som har vore på lokal høyring, og det er delvis gjennomført skilting i samsvar med den, blant anna for turveg frå Hestevika til fjellområdet. Arbeidet med skilting vil fortsette. Skiltplan bør bli utvida slik at den omfattar all skilting på Alnes.

Det blir arbeidd med løysingar for toalett og søppelhandtering, men det er utfordrande å få til løysingar som er gode nok over tid.

2.11 Foto

Alle fargefoto i forvaltningsplanen er teke 23.02.2020, og gjev eit bilet på korleis området var på fototidspunktet. Alle foto av B. Friisvold.

2.12 Oppfylling verdikriterier

I de fire verdikriteria under skal tema landskap – biologisk mangfold/naturmangfold – kulturminne/-miljø inngå. Vurdering av verdikriterier av UKL Alnes:

Heilskap – Området er eit komplett, udelt kulturlandskap, med viktige element frå kulturminne og biologisk mangfold. Jordbruksareal og tilhøyrande bygningar er intakte i eit

samanhangande miljø der den sterke tilknytinga til fisket er veldig tydeleg. Mange av kulturminna har ingen aktiv funksjon i dag, og står i fare for å bli borte.

Kontinuitet/tidsdjupne – Det har vore busetnad med jordbruk og fiske som næringsveg i lang tid. Funn i gamal kulturmark tyder på at området har vore nytta frå svært lenge attende i tid, truleg frå bronsealder.

Representativt/særpreg - Alnes er representativ for mange øysamfunn der folket har livberga seg av kombinasjonen jordbruk/fiske. I tillegg er Alnes særprega vakkert, med den kompakte busetnaden, det godt bevarte kulturlandskapet og ein spesielt vakker natur.

Formidlingsverdi – Det er stor formidlingsverdi, med kulturlandskap, mange kulturminne, store biologiske verdiar, og den tette samanhengen mellom jordbruk og fiske som har karakterisert livet på kysten i lang tid. Den delen av kulturminna som er uendra, har høg autentisitet. Det nye besøkssenteret vil heilt sikkert bli brukta i formidling av den lokale historia.



Bilete 8 Steingard yst på Alneset.

3. Planar

Planar

Det er ulike planar som vil ha innverknad området. Dei viktigaste overordna planane er kommuneplanen, som består av samfunnsdelen og arealdelen. For arbeid med/rullering av planar som gjeld området UKL Alnes er det viktig at forvaltningsplanen blir lagt til grunn. Kulturlandskapet på Alnes og dei høge kulturminneverdiane krev gode planprosessar for at dei skal bli tekne vare på.

3.1 Planstrategi

Planstrategien har som hovudføremål å synleggjere kva planoppgåver kommunen skal prioritere gjennom perioden. I dette inngår mellom anna ei evaluering av gjeldande planar og styrings dokument. Det skal utarbeidast ny planstrategi i løpet av 2020, som bør gje føringar for eventuelt arbeid med forvaltningsplanen for Alnes, til dømes rullering av handlingsdelen.

3.2 Samfunnsdelen

I samfunnsdelen er det fire satsingsområde for Giske kommune:

- Vere ein god plass å bu - der alle vil bu
- Ha gode levekår
- Vere ein god næringskommune
- Ha eit rikt kulturliv

Under satsingsområda er det mål og strategiar for vegen vidare.


3.3 Arealdelen

Arealdelen gjev føringar for arealbruken innanfor området. Dei ulike formåla er vist til med fargekode i kartet under. Forklaring av dei viktigaste arealformåla innanfor UKL Alnes:

Store samanhengande grøne areal er LNF (landbruk, natur og friluftsliv) formål. Gule areal som ligg hovudsakleg frå skulen og nordover er bustadformål. Skule, bedehus og fyret med besøkssenter er farga raudt, formål offentleg eller privat tenesteyting. Skravur med gult og kvit farge ved den eldste busetnaden er kombinasjonsformål der det er opna for bustad, næring, fritids- og turistformål. Krav om regulering, som skal skje i samråd med kulturavdelinga hjå fylkeskommunen.

Område med grå farge er areal sett av til parkering ved Sandvika, Alnestangen, ved skulen og Hestvika. Turkis farge for sjøareala ved Sandvika er areal sett av til friluftsformål.

I tillegg er det sett av omsynssone for areal som har spesielle omsyn, dyrka jord/beite har omsynssone landbruk - kjerneområde landbruk, naturfare (skred) er synt med raud skravur, det er lagt inn omsynssone for friluftsliv utover areal til friluftsliv. Automatisk freda kulturminne, vedtaksfreda kulturminne (fyret) og viktige kulturmiljø ligg inne med omsynssone. Området som er avgrensa til UKL Alnes ligg inne med omsynssone som nasjonalt viktig kulturlandskap.



Figur. 10 Utsnitt av kommuneplanen sin arealdel for Alnes.

3.4 Kommunedelplan for naturmangfold


KDP for naturmangfold er utarbeidd for å nå nasjonale, regionale og lokale mål. KDP skal ligge til grunn for framtidig areal- og naturforvaltning i kommunen. Handlingsdelen skal i utgangspunktet vere ei ramme for å nå dei forskjellige måla som kommunen har sett seg. Følgjande hovedformål er:

- a) Langsiktig berekraftig naturforvaltning
 - Sikre kunnskapsbase gjennom opplæring og informasjonsformidling
 - Utarbeide berekraftige reguleringsplanar som tek i vare naturmangfaldet, friluftsliv, klimaendringar m.m.
 - Utarbeide retningsliner og føresetninger for bruk av friluftsområde og viktige naturområde
 - b) Utgreiing og overvaking
 - Følgje opp/oppdatere naturkartlegging
 - Kartlegging av viktige sjøområde
 - Kartlegging av virvellause dyr, fisk og pattedyr
 - Etablere rutinar for rydding i kulturlandskapet/friluftsområda
 - c) Skjøtsel og eventuelt restaurering av forringa natur
 - Tilbod om rettleiing, ev. etablering av skjøtselsplanar for fjerning av svartelista artar
 - Tilbod om rettleiing for etablering av miljøvenlege hagar hjå private
 - Etablere sakshandsamingsrutinar for tilsyn og eventuelle brot

- Etablere samarbeidsrutinar mellom frivillige lag/organisasjonar og grunneigarar for å fremje eigeninnsats.

Det er lagt inn [omsynssone for Alnes i KDP](#), som dekkjer området for UKL, med slik tilrådd tiltak/skjøtsel/omsyn:

«Fylkesmannen i Møre og Romsdal har forvaltingsansvar for området. Giske kommune bør samarbeide med fylkesmannen for bevaring av området. Naturbeitemark og sanddyner er driftspåverka av gjødsel og fysiske inngrep. I naturbeitemark er sitkagran, buskfuru og sannsynlegvis platanlønn i spreiing. I sanddyner, er det rynkerose og raigras som spreier seg. Desse framande artane bør fjernast. Beiting bør aukast i naturbeitemarka. Bruk av gjødsel bør reduserast. I sanddyneområdet bør det ikkje tillatast uttak av sand og stein. Fysiske inngrep i terrenget i dei 3 utpeika naturområda bør unngåast. Uttak av stein og sand bør ikkje tillatast.»



Figur. 11 Kart over omsynssone H570_Alnes i kommunedelplan for naturmangfald. Kjelde KDP naturmangfald.

3.5 [Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi](#)

Regional delplan for kulturminne har som hovudføremål å utvikle strategiar for forvaltning, formidling og bruk av kulturarven i Møre og Romsdal som flest mogleg er samde om. Planen skal gi ein presentasjon av eit utval viktige automatisk freda kulturminne og ei oversikt over kulturminne frå nyare tid som har regional og nasjonal verdi og lage handlingsprogram for korleis dei kan takast vare på.

Alnes fiskevær er i «Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi» i Møre og Romsdal (vedtatt i fylkestinget juni 2015) vurdert å ha nasjonal verdi.

I vedlegg 1 til Regional delplan for kulturminne ligg det framlegg om å verne Alnes fiskevær og tun, kystkulturmiljø/fiskarbondelandsby.

3.6 Næringsplan

Giske kommune sin [Strategisk næringsplan 2016 – 25](#) legg opp til medverknad til framtidig utvikling av næringsliv og arbeidsplassar i kommunen. Giske kommune har forskjellege verktøy for å bidra til utvikling av det lokale næringslivet, blant anna midlar frå næringsfond, samarbeid med næringskontoret.

Mål for landbruket er:

- Eit landbruk med tradisjon for nytenking og utvikling av eigenarta produkt.
- Sikre areal og infrastruktur for eit framtidsretta og moderne landbruk.
- Utvikle tilleggsnæring knytt til landbruk.

Utfordringar:

- Stor folketalsvekst krev skjerming av naturlandskap og viktige landbruksareal mot nedbygging.
- Kortsiktige avtalar om leigejord gir ikkje tryggleik med omsyn til framtidig drift.

Strategi

- Kommunen inviterer næringslivet til å delta i forum og utviklingsarbeid på tvers av familjø.
- Ivareta kulturlandskapet og sikre landbruksareal gjennom kommuneplanen og reguleringsplanar.



Bilete 9 Steingard/gjerde vest for innmarka.

3.7 Reguleringsplanar



Figur. 12 Gjeldande reguleringsplanar for Alnes. Kjelde Kommunekart

Innanfor UKL-området er det flere reguleringsplanar, oversikt under med link til plandokumenta:

[Detaljplan Nye Alnes nord – 2014001](#)

Reguleringsplan som gjeld for den nordlege delen av Alnes, for besøkssenter, parkering, bustad, veg og skule, landbruk, turvegar og skule, vedteken 27.11.2014. Legg i stor grad føringar for nye bygningar, veg framføring og liknande slik at kulturlandskapskvalitetane i området skal kunne oppretthaldast på best mogeleg måte. Det er nyleg gjennomført ei endring av denne planen, veg og tomtedeling sør aust for skulen har vorte endra.

[Områdeplan Vindsneset - 2011011](#)

Områdeplan på Vindsneset, for næring og grønstruktur, vedteken 20.09.2012. Legg føringar for utnytting og bruk av området.

[Reguleringsplan fv. 127 Alnestunnelen – 2005002](#)

Reguleringsplan som gjeld for fylkesvegen, veg, turparkering og landbruksområde, vedteken 20.06.2010. Området er bygd ut i samsvar med planen.

[Reguleringsplan Alnes hamn - 1991001](#)

Reguleringsplan som gjeld for hamneområdet, for industri/service, kommunaltekniske anlegg, friluftsområde, naust/camping, verneverdig område, vedteken 05.11.1991.

[Reguleringsplan Alnes – 1979004](#)

Rest av reguleringsplan mellom delar av området mellom Alnesvegen og Alnesgeilane, formål, hovudsakleg frilufts- og naustformål, vedteken 03.07.1979.

Mindre endring - Nye Alnes nord

Justering av detaljplan Nye Alnes nord; standard internveg og tomtearrondering. Vedteke 03.10.2019.

3.8 Forvaltningsplan for Alnes fyrstasjon

Kystverket har utarbeidd [forvaltningsplan for Alnes fyrstasjon](#). Den skal både gje kunnskap om viktige generelle prinsipp for forvaltninga av fyrstasjonane som freda kulturminne, og gje forståing for det heilskaplege miljøet og særpreget som karakteriserer den enkelte fyr eigedomen. Fredingsvedtaket er eit viktig dokument i forvaltninga av fyret, fredingsvedtaket ligg i linken over.

3.9 Skjøtselsplan

Det er utarbeidd skjøtselsplan for beiteareal på Alnes i 2009. Ny skjøtselsplan vart utarbeidd i 2018 av Landbruk Nordvest SA for Alneslia etter oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Hovudføremålet med skjøtselsplanen er bevare Alneslia som open kulturmarkseng og med dei artane som kjenneteiknar ugjødsla seminaturleg eng. Det er ønskeleg å restaurere beitemarka til den tilstanden den hadde kring 1980 – 1990 før attgroing tok til for alvor og dermed legge til rette for at den store artsrikdomen som har vore registrert, kan ha levevilkår i framtida.

Den legg opp til generelle og spesielle tiltak, blant anna:

- Fortsette med sauahald og beiting, auke sauetalet
- Rydde bort einer og gamal røsslyng i utkanten av grasdominert område
- Fjerne bergfuru og gran (framande artar)
- Restaurering av steingard
- Nytt nettinggjerde
- Brenning av einer og lyng
- Drenering av våte parti
- Fjerne søppel

Det blir lagt opp til å evaluere skjøtselsplanen innan 4 år. Skjøtselsplanen er ikkje publisert, den ligg som vedlegg til forvaltningsplanen.

3.10 Restaureringsplan

Det er utarbeidd restaureringsplan for ei av utløene som er bygd i stein.

4. Utfordringar

Omtale av hovudutfordringane ein har ved Alnes.

4.1 Turisme

Det er stor pågang av turistar til Alnes, og det nye besøkssenteret som vart opna hausten 2016 nær fyret yst på Alnes, forsterkar nok denne utfordringa. Trafikken som besøkssenteret har skapt og vil kome til å skape, kan bli ei stor utfordring med mindre infrastrukturen blir lagt betre til rette eller andre avbøtande tiltak blir gjort, både i høve til trafikk, parkering, skilting, informasjon, ferdsel utanfor tilrettelagde vegar og stiar, toalett og søppelhandtering. I tillegg er det mykje utfart for å gå i området, både i strandsona og på fjellet. Busetnaden ligg tett inntil vegane, og det kan lett oppstå gnissingar mellom fastbuande og tilreisande. Mykje besøkande kan også føre til slitasje på kulturlandskapet, dersom det ikkje blir godt tilrettelagt med vegar og stiar. Det er utfordring med camping på innmarka.

4.2 Landbruk

Den sterke oppdelinga av jord i småteigar kan gjere det utfordrande for enkelt grunneigarar å drive jorda si rasjonelt, eller dersom det er grunneigarar som ynskjer å satse på husdyr. Små einingar gjer det også vanskeleg å kunne satse på husdyr med tanke på økonomisk utbytte og investeringar. Det kan vere vanskeleg å skaffe nok beitedyr til å skjøtte dei store areal som burde ha vore beita. Ferdsel i beiteområda av folk og hundar er ei utfordring, det er mistanke om at lause hundar har jaga/teke livet av sauar.

4.3 Arealbruk/tiltak

I gjeldande reguleringsplan for Nye Alnes nord blir det lagt til rette for meir bustadbygging, med noko fortetting av busetnaden i den nyare delen av busetnaden på Alnes. Det er ikkje opna for nye tiltak utanfor vegen rund Alnestangen, utover noko auke av parkering. I reguleringsføresegne er det lagt opp til at nye hus skal byggast i høgde, storleik, fargeval og stil som ikkje skil seg nemneverdig frå den busetnaden som er der frå før. I utgangspunktet burde dette såleis ikkje vere ei stor utfordring for kulturlandskapsverdiane. Det er ei utfordring at området for gardsbruksområdet er detaljregulert for å ha føreseielege rammer for både grunneigarar og offentleg mynde for kva som kan/ikkje kan gjennomførast av tiltak. Per i dag blir det søkt om tiltak for dette området utan å ha ein heilskapleg plan, som ikkje er optimalt.

To av reguleringsplanane gjeld for naustområde, desse er gamle og utdaterte. Areala burde vore omregulert for å fornye dei til dagens standard og meir i samsvar med kommuneplanen sin arealdel.

4.4 Kulturmiljø

Mange bygningar i den gamle «landsbyen» treng vedlikehald. Mange fjøs, uthus og naust er ikkje lenger i bruk, men er viktige kulturminne som vitnar om den gamle fiskarbonden sitt liv og virke. Det er heilskapen og variasjonen i kulturmiljøet som gjer området så unikt. Sidan mange bygningar ikkje lenger har same bruksområde som tidlegare, er det ønske om å kunne bruke dei til andre formål. Tilskot er meint som støtte for meirkostnadar knytt til å bevare det gamle kulturmiljøet.

Det nye besøkssenteret som er bygd i samband med Alnes fyr er utført i moderne arkitektur, men er lagt inn i bakken, slik at berre fasaden mot havet er synleg. Bygget i seg sjølv bryt med den lokale arkitekturen, men plasseringa gjer at kulturlandskapet i mindre grad er prega av dette.


4.5 Biologiske verdiar

Det største trugsmålet mot biologisk mangfald i landbruket er attgroing, oppdyrkning og utbygging. For Alnes medfører opphøy av drift på gardsbruka attgroing som kan bli ei utfordring, hovudsakleg på grunn av for få beitedyr i utmarka. Det har vore prøvd å få inn eksterne beitedyr, men det vart med eitt år. For naturbeitemarkane vil det vere føremon å få inn storfe i tillegg til sau. Kystlyngheia treng både beiting og mosaikkbrænnung.

Innmarka er større areal som blir maskinelt drive av gardbrukarar utanfor Alnes, det vil truleg også i framtida vere aktuelt. Avrenning og gjødsling mot sanddynemarka i Sandvika endrar naturtypen og den habitatsspesifikke floraen.

Det er utfordringar med framande artar som spreier seg.

Det er slitasje på vegetasjonen som følgje av auka turisme/ferdsel til fots både til fjells og i strandsona.



Bilete 10 Alnes fyr og besøkssenter.

5. Forvaltning og lov

Fysiske tiltak innanfor området må halde seg til gjeldande lover og forskrifter, dei viktigaste lovene vil vere plan- og bygningslova, jordlova, kulturminnelova og naturmangfaldlova, omtala vidare under.

5.1 Lov og forskrift

Lov om planlegging og byggesakshandsaming (pbl)

Etter pbl. er hovudregelen at det er søknadsplikt for å oppføring av bygg, tilbygg, påbygg, vesentleg endring eller vesentleg reperasjon, fasadeendring, endring av bruk, riving, oppføring av gjerde mot veg, plassering av skilt og reklameinnretningar, plassering av mellombelse bygningar/konstruksjonar, vesentleg terrengeinngrep, anlegg av veg og parkeringsplass og oppretting av ny eigedom. (pbl. § 20-1)

Det er unntak for søknadsplikt og løyve for tiltak nemnt over dersom dei er i samsvar med reguleringsplan. Dette gjeld mindre bygningstiltak på bygd eigedom, som ikkje kan nyttast til bustad, frittliggende bygning som er større enn over, oppført på bygd eigedom, som ikkje skal brukast til bustad eller varig opphold og utan kjellar, mindre frittliggende bygg knytt til landbruk, mindre tiltak i eksisterande bygg, mindre tiltak utandørs og fasadeendring som ikkje endrar bygget sin karakter og tilbakeføring av fasade til tidlegare dokumentert utføring. (pbl. § 20-5)



Bilete 11 Del av Alneslia med utløper, vest for innmarka.

Tiltak som kan tiltakshavar (sjølvbyggar) kan utføre er mindre tiltak på bygd eigedom, vanlege driftsbygningar i landbruket, mellombelse bygg og konstruksjonar som ikkje skal plasserast lenger enn 2 år, oppretting av grunneigedom og andre tiltak etter kommunen sitt skjønn. (tbl. § 20-4)

For andre søknadspliktige tiltak er det krav om ansvarleg søker. (tbl. § 20-3)

Byggteknisk forskrift

Forskrift til tbl., [byggteknisk forskrift](#) (TEK17) må stettast for tiltak, den set mellom anna krav til naturfare; grunnforhold og skred.

Våningshus, lager av landbruksmaskiner for sal eller opplag, garasjar for privatbilar, bygningar som nyttast som fritidsbustad og byggverk for vidareforedling av landbruksprodukt er ifølge Direktoratet for byggkvalitets rettleiar til bygge saksforskrifta søknadspliktig etter reglene i tbl. § 20-2.

Andre mindre tiltak som er å sjå på som eit landbrukstiltak etter kriteria i del 1 vil være unntatt krav til søknad, sjåtbl. § 20-5 og [byggesaksforskriften](#) kapittel 4.

[Lov om kulturminnelova \(kml.\)](#)

Kulturminneloven er den sentrale lova for beskyttelse av kulturminne og kulturmiljø. Det sterkeste ver�emiddelet er freding. Ei rekkje faste kulturminne er freda direkte i lova (automatisk freda kulturminne). Det finns også heimel i lova for å frede utvalde kulturminne gjennom enkeltvedtak (vedtaksfreda kulturminne). Lause kulturminne og skipsfunn er også beskytta av lova. Kml. har også spesielle lovreglar om blant anna sakshandsaming, utføring- og innføringsforbod, og konsekvensar brot på lova kan få.

[Lov om forvaltning av naturens mangfold \(nml.\)](#)

Naturmangfoldlova skal sikre at «naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur».

Ved tildeling av tilskot, skal dei miljørettslege prinsippa i lova sitt kapittel II leggjast til grunn som retningslinjer, og det skal gå fram av vedtaket korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i avgjerdna.

[Forskrift om utvalgte natutyper etter naturmangfoldloven](#)

Formålet med forskrifta er å ta vare på mangfaldet av naturtypar innanfor deira naturlege utbreiingsområde og med det artsmangfaldet og dei økologiske prosessane som kjenneteiknar den enkelte naturtype, jf. naturmangfoldlova § 4.

Kystlynghei klassifisert som «svært viktig» (A-lokalitet) eller «viktig» (B-lokalitet) av Miljødirektoratet er omfatta av forskrifta. Med kystlynghei meiner ein heiprega og i hovudsak trebare område i eit oseanisk klima, dominert av dvergbuskar, særleg røsslyng forma gjennom rydding av kratt og skog, og betinget av langvarig hevd med beite, og mange stader lyngbrenning og lyngslått.

Forskrift om utsetting av utenlandske treslag

Formålet med forskrifta er å hindre at utsetting av utanlandske treslag fører til eller kan føre til uheldige følgjer for naturmangfaldet.

Forskrift om fremmede organismer

Formålet med forskrifta er å hindre innføring, utsetting og spreiing av framande organismar som medfører, eller kan medføre, uheldige følger for naturmangfaldet.

Lov om jord

Jordlova regulerer forholdet mellom myndighetene og privatpersonar når det gjeld bruk av landbrukseigedom og landbruket sine produksjonsareal. Føremålsparagrafen til jordlova er «å leggje tilhøva til rette slik at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til, kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.»

Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdnene

Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap

I 2017 vart forskrift om tilskot til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap sett i kraft. Ny forskrift har vore på høyring i 2019 og trådde i kraft 01.01.2020. Endring av forskrift gjeld i hovudsak overføring av ansvaret for forvaltning av tilskot til kommunane.

Rettleiar

Rettleiaren Garden som ressurs skal hjelpe med å avklare kva byggje- og anleggstiltak som inngår i arealformålet LNF (R), korleis tvilstilfelle bør vurderast og om korleis det aktivt kan leggjast til rette for tiltak som ikkje ligg innanfor LNF (R) formålet. Det er i avsnitt 1.1 lista opp vurderingskriterier og med døme i avsnitt 1.2. Rettleiaren tek også opp bruksendring, handsaming av enkelt saker, byggjesak, dispensasjon og løyve etter anna lovverk.

Dispensasjon etter pbl. kap 19

Om ein ynskjer å gjere eit tiltak som ikkje er i samsvar med gjeldande arealplan (kommune(del)plan og reguleringsplanar), er det plan- og bygningslova som gjev reglar for dette. Ein dispensasjon endrar ikkje ein plan, men kan gje løyve til i enkeltilfelle å fråvike reglar gjeve i eller i medhald av pbl.

Ein dispensasjon skal vere skriftleg i form av ein søknad og skal vere grunngjeven. Naboor og gjenbuarar skal varslast, og regional og statleg mynde som blir råka skal få moglegheit til å uttale seg.

Området for gardsbruksavdelinga på Alnes er ikkje regulert, for dette området må det for tiltak etter pbl. søkjast dispensasjon.

5.2 Forvaltning

Satsinga er tverrfagleg og er organisert som et spleislag mellom landbruks- og miljømynde. Sentralt er samarbeidet mellom direktorata Landbruksdirektoratet, Miljødirektoratet og Riksantikvaren, som utgjer sekretariatet for satsinga. Landbruksdirektoratet har koordineringsansvaret.

På fylkesnivået er Fylkesmannens landbruksavdeling tillagt rollen som koordinator og var tilskotsforvaltar på vegne av staten, tilskotsforvaltninga er no overført til kommunen. Landbruksavdelinga samarbeider med Fylkesmannen sin miljøvernnavdeling og regional kulturminneforvaltning (fylkeskommunen og Sametinget). Kommunen har også en sentral rolle som tilretteleggjar og kontaktpunkt.

I de fleste områda er det danna et samarbeidsorgan med representantar frå regional og lokal forvaltning, grunneigarar, næringsorganisasjonar etc. Forvaltninga av områda skal ha lokal



Bilete 12 Gjerde mellom utmark og innmark, Sandvika i bakgrunnen.

forankring – det er blant annet ønskeleg at kommunane tek omsyn til områda i kommuneplanens arealdel. Forvaltninga er vidare basert på frivillige privatrettslege avtalar med grunneigarar/bukarar. Innanfor denne ramma er det valt ulike modeller i dei utvalde områda, bl.a. når det gjelder kven som er avtalepartar og samarbeidspartar.

I samband med høyring av ny forskrift uttrykte formannskapet i Giske at; «det er ein føresetnad at vi får tilgang til kompetanse og ressursar frå regionalt nivå gjennom Fylkesmann og fylkeskommune.»

I 2020 vart ansvaret overført til kommunane for forvaltning av tilskotet.

5.3 Tilskotsordningar

Det er ulike tilskotsordningar for å støtte opp om måla for UKL Alnes:

Tilskot til tiltak i UKL

Formålet med tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap er å hjelpe til å sikre verdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og kulturmiljø. Tilskot er avgrensa til tiltak innanfor UKL slik desse er avgrensa i Naturbase.

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Formålet med SMIL er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere forureining frå jordbruket, utover det ein kan forvente gjennom vanleg jordbruksdrift.

Regionale miljøtilskot

Miljøverkemidla i regionale miljøtilskot i jordbruket skal møte viktige miljøutfordringar i fylka med lokalt tilpassa virkemidlar. Alle tiltak som har rett på produksjonstilskot kan søkje om regionale miljøtilskot. Søknadsfrist 15. oktober for føretak og 1. november for beitelag.

Naturforvaltingstiltak <https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/>

Innanfor miljøområdet er det tre tilskotsordningar som er relevante. Alle tre har søknadsfrist 15. januar kvart år:

- Tilskot til truga naturtypar
- Tilskot til truga artar
- Tilskot til ville, pollinerande insekt

Kulturminnefondet prioriterer tiltak i område med UKL-status ved fordeling av tilskot til restaurering og vedlikehald. Løpende frist.

Kulturminnefondet har utarbeidd ei oversikt over statlege, regionale og kommunale tilskotsordningar til kulturminne tiltak - [oversikt over tilskotsordningar](#)

Kulturdepartementet si ordning med [speleomidlar](#) kan vere aktuell for utvikling og ivaretaking av friluftsanlegg, som f.eks. turstiar/-vegar og gapahuk. Kan også få midlar til skilting/merking av eksisterande turstiar.

Giske kommune abonnerer p.t. på «[Tilskuddsportalen for lokale lag og foreiningar](#)». Portalen informerer om mange ulike offentlege og private tilskot som kan vere aktuelle.

5.4 Søknadsfrist

Søknadsfrist for UKL midlar vert sett til 15.april kvart år. Dersom 15. april ikkje kjem på virkesdag, er nærmeste virkesdag etter som er frist.



Bilete 13 Del av fjellstien.

6. Målsetjing framover

Føremålet med UKL-satsinga er å sikre ei langsiktig og heilskapleg forvaltning av utvalde landskapsområde med særstakke store biologiske og kulturhistoriske verdiar som er forma av langvarig og kontinuerleg tradisjonell bruk.

Det er ønskeleg å sette delmål for forvaltninga av UKL Alnes for dei viktigaste fagområda; landbruk, biologisk mangfald, kulturminne og formidling. Tiltaka som blir prioriterte i handlingsplanen skal bidra til å nå måla i planen.

Tiltaka skal stø opp under følgjande delmål:

- Eit aktivt landbruk med beitedyr. Søkje å oppretthalde og auke tal beitedyr – også storfe
- Sikre landskapskvalitetane
- Oppretthalde biologisk mangfald innanfor for området
- Oppretthalde kulturminne knytt til tradisjonell bruk av området
- Samordning av formidling og skilting for å leggje til rette for aktivt beitebruk, oppretthalde biologisk mangfald og oppretthalde kulturminne knytt til tradisjonell bruk
- Leggje til rette for næringsutvikling og verdiskaping knytt til UKL-statusen
- Dyrke samarbeid mellom grunneigarar og det offentlege
- Tiltak på informasjon
- Styre turismestraumen



Bilete 14 Utsyn over Alnes frå fjellstien.

7. Handlingsdel

Det blir lagt opp til at handlingsdelen, kap 8 og 9, skal rullerast kvart 4. år, i tråd med føringane i resten av forvaltningsplanen.

7.1 Tiltak, skjøtsel og vedlikehald

Hovudmål er å fremje verksemd i høve måla for UKL Alnes. Omtale av skjøtsel og tiltak knytt til måla. Skil mellom strakstiltak og langsiktige tiltak, strakstiltak er markert med feit skrift.

Biologisk mangfald/landbruk

Skjøtsel av svært viktig naturbeiteemark og anna beiteareal i Alneslia (overgangen mellom dyrkjorda og fjellet)

- **Manuell fjerning av einer og kratt**
- Auke talet på beitedyr på sikt kraftig, jamfør skjøtselsplan
- **Betre inngjerding mellom utmark og innmark (netting og restaurering av steingard)**
- Lyngbrenning
- Fjerne framande treslag, som sitkagran, bergfuru og platanlønn

Skjøtsel av kystlynghei oppe på fjellet

- Auke talet på beitedyr kraftig
- Lyngbrenning

Skjøtsel av kystberg og rasmark ved Lestadbukta

- Auke beitetrykket på nedre delar av lokaliteten (under bergrøta)
- Fjerne framande treslag

Tiltak Sandvika - sanddyne

- **Erosjon**
 - **Forprosjekt for å finne om det er muleg å iverksetje erosjonsdempande tiltak som opprettheld både sanddyne og landbruksjord.**

Skjøtsel av sanddyne

- **Fjerne framande artar som rynkerose**

Kulturminne/kulturmiljø

- **Sette opp prioritering vedlikehald av SEFRAK-bygningiar**
- Starte restaurering av steingard som går tvers over Alneset.
- Sette i stand utløer som står langs steingarden. Ei av desse, ei steinbu, er det utarbeidd restaureringsplan for.
- Sette i stand naust knytt til fiskarbonden miljøet.
- Utbetring av fjellvegen – sti frå Hestvika og opp til vatnet.

Formidling/skilting

- **Skilting mot forbod mot plukking av rullestein**

- **Skilting om bandtvang**
- **Skilting om forbod mot camping**
- Sette opp formidlingsskilt – informasjon om Alnes
- Skilting for motorisert og ikke motorisert ferdsel

Næringsutvikling

- Forprosjekt næringsutvikling
 - Forprosjekt for å sjå på mogleighet for å nytte SEFRAK-bygg til næringsutvikling

7.2 Kostnadsoverslag og finansiering

Det er ikke utarbeidd tiltaksplanar for dei ulike tiltaka enno, difor blir det berre stipulerte kostnader som kjem fram i dette overslaget. Det er heller ikkje vurdert eller avklara enno i kor stor grad det kan skaffast tilleggsfinansiering frå andre instansar til dei ulike tiltaka, men det kan vere tilgjengeleg finansiering både gjennom SMIL, Kulturmindefondet og andre ordningar. Tala under er i 2020 kroner. Det er hefta usikkerheit ved utviklinga av disponible midlar og kostnadsnivå.

Tilskot kan nyttast til:

- Nødvendig planlegging av tiltak
- Restaurering og skjøtsel av areal
- Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og andre kulturminne
- Tilrettelegging for ferdsel
- Formidling
- Andre tiltak som fremjar føremålet med ordninga

2020

1. Erosjonssikring Sandvika, forprosjekt	Kr	100 000
2. Ferdsel, stiar og skilting, steg 1	Kr	70 000
3. Fjellstien	Kr	150 000
4. Beitetilskot	Kr	10 000
5. Fjerne einer	Kr	20 000
6. Gjerde innmark /utmark	Kr	100 000
SUM	Kr	450 000

2021

1. Lyngbrenning Alneslia	Kr	30 000
2. Restaurering av SEFRAK bygg	Kr	100 000
3. Erosjonssikring Sandvika	Kr	150 000
4. Fjellstien	Kr	150 000
5. Beitetilskot	Kr	10 000
6. Gjerde innmark /utmark	Kr	10 000
SUM	Kr	450 000

2022

1. Alneslia, rydding beite	Kr	10 000
2. Restaurering av SEFRAK bygg	Kr	100 000
3. Restaurering steingard	Kr	150 000
4. Fjellstien	Kr	150 000
5. Beitetilskot	Kr	10 000
6. Gjerde innmark /utmark	Kr	20 000
7.Ferdsel, stiar og skilting, steg 2	Kr	10 000
SUM	Kr	450 000

2023

1. Fjerne framande artar	Kr	20 000
2. Restaurering av SEFRAK bygg	Kr	100 000
3. Restaurering steingard	Kr	150 000
4. Fjellstien	Kr	150 000
5. Beitetilskot	Kr	10 000
6. Forprosjekt næringsutvikling SEFRAK-bygg	Kr	20 000
SUM	Kr	450 000

Samla oversikt tiltak 2020 – 2023

Erosjonssikring Sandvika, oppstart	Kr	250 000
Ferdsel, stiar og skilting	Kr	80 000
Fjellstien	Kr	600 000
Beitetilskot	Kr	40 000
Fjerne einer	Kr	20 000
Gjerde innmark /utmark	Kr	130 000
Lyngbrenning Alneslia	Kr	30 000
Restaurering av SEFRAK bygg	Kr	300 000
Alneslia, rydding beite	Kr	10 000
Restaurering steingard	Kr	300 000
Fjerne framande artar	Kr	20 000
Forprosjekt næringsutvikling SEFRAK-bygg	Kr	20 000
Sum		1 800 000

Vedlegg

- Oversikt SEFRAK-bygg
- Skjøtselsplan for Alneslia
- Løyvingar 2018 – 2019